



Noko av den giftige planten Kjempebjørnkjeks ved Kunstgrasbanen vart fjerna ved opprydding og grusing.

Det er registrert langt mindre av planten Kjempebjørnkjeks i Uskedalen denne sommaren. Den giftige planten, som ofte vert forveksla med Tromsøpalmen, har det vore mykje av kring kunstgrasbanen, langs gjerde mot Neset og i Strandvegen på Stølavikjo. Planten inneheld giftig plantesaft og ved kontakt kan ein få kraftig hudutslett med sterk svie.

I Bergen vart det tilegare i sommar registrert seks område der planten var å finna. Kjempebjørnkjeks formeirar seg raskt, særleg i vegkantane. Kantklypping og sprøyting held planten nede.

Ved opprydding langs gjerde mellom Kunsten og Neset vart de fjerna fleire planter. Sjølve gangvegen skal asfalterast men tett i gjerde må ein rekna med at nye planter kjem tilbake alt neste år.

Ved berøring av Kjempebjørnkjeks kan du i verste fall rekna med å få store væskefylte blemmer. Reaksjonen utviklar seg over eit til tre døger. Dersom ein merkar reaksjon, er det viktig å vaska seg og unngå sollys i to døger. Dekk til huda eller bruk solkrem med høg faktor.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringdal